

Årdal kommune

Sakspapir

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|---------------|------------|
| 058/22 | Formannskapet | 02.06.2022 |

Sakshandsamar: Knut Fredrik Øi

Arkiv: K2-K40

Arkivsaksnr. 22/197 -
22/6113

Søknad om bestandsplan for hjortevilt i Årdal kommune - 2022-2024

Saka gjeld

Årdal bestandsplanområde søker om ny bestandsplan for hjort, elg og rådyr i perioden 2022-24. I tillegg vert det søkt om 25 000 kr i årleg støtte til drift av bestandsplanområdet i planperioden.

Bakgrunn

Bestandsplanen for hjort, elg og rådyr i perioden 2019-21 er over. Ny plan for perioden 2022-24 er vedteke av årsmøtet til Årdal bestandsplanområde, og er sendt inn til handsaming i Årdal kommune.

Omsynet til førebygging av eventuell smittespreiing av CWD er premissleverandør for hjorteviltforvaltninga kring Nordfjella og Hardangervidda i desse tider. Kommunane er bedne om å leggja til rette for låg tettleik av hjort og elg.

Drøfting

Drøftinga vert i det følgjande delt opp etter art; fyrst elg, so rådyr og til slutt hjort.

Elg

Frå og med planperioden 2019-21 så har forvaltningsmål og avskytingsstrategi for elg vorte definert i plan frå grunneigarsida, og så godkjend av Årdal kommune. Det vert felt veldig lite elg i Årdal for tida, og sakshandsamar ser det som fornuftig at planens målsetjingar vert lagt til grunn for årleg tildeling frå kommune. I planen vert det lagt opp til forsiktig hausting, med fokus på kalvar og ungdyr. Tettleiken av elg i kommunen er veldig låg, så det er ikkje noko tema heller i høve forholdet til CWD.

Rådyr

Det vart opna for forsiktig rådyrjakt i Årdal i 2019. Trass i eit årleg uttak på ca 5 dyr, ser det ut til at bestanden er i vekst. I bestandplanen vert det for denne planperioden lagt opp til ei dobling av kvota. Dobbelt så mange fellingsløyve vil truleg ikkje gje dobbelt så mange fellingar, men det er uansett neppe nokon stor risiko med å auka kvota såpass mykje. Det er også ønskjeleg å få analysert fleire rådyrkjeverar for fluorskadar.

Etter kvar jaksesonng vert resultatata gjennomgått, og om ein ser for stor nedgong i bestanden,

til dømes som følgja av snørike vintre, så kan tildelingane raskt reduserast.

Hjort

På 10 år er tal felte hjort i Årdal dobla, frå 115 til 230. Indeksen «sett kolle per bukk», samla inn av jegerane under jakta, tyder på at i same tidsperiode har andel koller i bestanden dobla seg. Bestanden har med andre ord vorte veldig mykje meir produktiv.

Mattilsynet og Miljødirektoratet har bedt alle kommunar kring Nordfjella og Hardangervidda om å leggja til rette for ein låg bestandstettleik av hjortevilt. Indeksen «sett hjort per jegertime» tyder på at hjortebestanden i Årdal var på sitt «tettaste» kring 2017. Dei siste åra ser det ut til å bestanden har stabilisert seg på eit litt lågare nivå enn 2017. Dette forutsetjer naturlegvis at indeksen faktisk gjenspeglar verkelegheita.

I og med at Årdal kommune bør leggja til rette for låge tettleiker av hjort, så bør ikkje ein bestandsplan heller ha som mål å gjera noko anna. I omsøkt plan er hovudmålet å redusera bestanden noko. Dette er planlagt gjort ved å auka kvota med ca 10%, samt å fella ein større andel hodyr enn handyr. Fordelinga på kjønn er noko upresist omtalt i søknaden, men sakshandsamar har fått presisert frå styret at målet er 60% hodyr og 40% hanndyr. Auka kvote og mål om å fella årleg 250 hjort med nevnte kjønnsfordeling, bør kunne bidra til ein reduksjon. Det vil likevel vera sentralt å sjå på indeksane etter kvar sesong. Om ein då ser at trenden ikkje går i retning av reduksjon, må verkemiddela endrast.

Nytt av planen for 2022-24 er at bestandsplanområdet har opna opp for å flytta fellingsløyve mellom driftsplanområde (med unntak av Utladalen). Om ein får dette til å fungera etter hensikten, vil det også kunne bidra til høgare felling, samt redusera konfliktnivået der det til dømes er utfordringar på innmark. Det er positivt at denne ordninga no i stor grad er på plass også i Årdal.

Fluorskadar er framleis eit problem i Årdal, spesielt i område kring verket i Øvre. Det er viktig at grunneigarsida kan samarbeida om å fella mykje hjort i desse områda. Dette har vore omsnakka i fleire år, utan at ein kan syna til store endringar. Om ikkje valda klarer å fella mykje dyr her, vil Årdal kommune måtte ekstraordinære fellingar i området.

Vurdering etter Naturmangfoldlova (NML) §§ 8 - 12.

Jamfør NML §7 så skal NML §§8 - 12 vurderast i saker som omhandlar naturgrunnlaget. Kunnskapsgrunnlaget, jf. NML § 8 vurderast i saka om ny bestandsplan for hjortevilt i Årdal som etter tilhøva god. Det vil alltid vera hull i kunnskapsgrunnlaget når det gjeld ville bestandar. Sakshandsamar vurderer det likevel til å vera tilstrekkeleg kunnskap til å tilrå at søknaden vert godkjent. Innsamling av data er på eit veldig godt nivå i Årdal kommune no, og har vore det i ein periode som er såpass lang at trendane endeleg kan sjåast i materialet. Dei etablerte systema for datainnsamling vil vera sentrale i åra framover for å vurdere effektane av tiltaka og forhåpentlegvis vil me kunne måla bestandsreduksjonen med våre egne data. I den grad det er manglande oversikt over bestandsstorleik, er omsynet til dei moglege konsekvensane av spreining av skrantesjuke viktige. Det vil i tida framover vera betre å redusera bestandane av hjortevilt kring Nordfjella litt for mykje enn litt for lite. Med «låg bestandstettleik» vert det lagt til grunn om lag 1 hjortevilt per kvadratkilometer. Bestanden i Årdal er truleg ein god del tettare enn dette. I forhold til føre-var-prinsippet, (NML §9), vil det difor vera ønskjeleg å heller «ta i litt» når ein skal bestemma fellingsmål. Sakshandsamar legg difor til grunn at målet om å fella 250 hjort årleg bør sjåast på som eit minimum i denne

planperioden. Om det er trong for justering av planen vil denne takast opp til ny vurdering. Når det gjeld økosystemtilnærming og samlet belastning, jf. NML § 10, vurderast tilhøva slik at for hjort som art har det vore stor vekst i alle bestandane på vestlandet i mange 10-år. I Årdal har me eksemplar på skader på almetrær og såleis også det biologiske mangfoldet. Ein reduksjon av hjortebestanden vurderes ikkje som problematisk, kanskje heller ønskeleg frå ein økologisk ståstad. Konsekvensane for økosystemet ved ei spreing av skrantesjuka vil i alle fall stor. Ein redusert hjortebestand vil truleg også føra med seg eit lågare tal påkøyringar av hjort, samt over tid truleg også ein betring i kondisjonen til dyra.

NML §§ 11 (kostnadene ved miljøføringelse skal bærast av tiltakshaver) og 12 (miljøforsvarlege teknikker og driftsmetoder) vurderast som lite relevante i denne saka.

Økonomi

Auka felling av hjort dei siste åra bidreg med høgare inntekt til viltfondet, trass i at fellingsavgifta på kalv er fjerna. Årlege inntekter frå viltfondet er no 50-60 000 kr. Årdal bestandsplanområde har årleg fått 25 000 kr i støtte frå viltfondet til drift. Dette har fungert godt og stimulerer til auka profesjonalitet i arbeidet. Styret har då også økonomi til å leiga inn ekstern hjelp når det er trong for dette. Årdal bestandsplanområde søker om støtte på 25 000 kr årleg i omsøkt planperiode. Dette ein av hovudføremåla med viltfondet, jamfør *Årdal kommune – retningsliner for bruk av viltfondet*. Økonomisk status på viltfondet tilseier at det er god dekning til dette.

Tilråding:

I medhald av *Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 15* godkjenner Årdal kommune omsøkt bestandsplan for *hjort* i Årdal kommune, med følgjande presisering:

- Kjønnfordeling på felte dyr skal vera 60% hodyr og 40% hanndyr i planperioden. Dette må endrast i teksten i planen, og i matrisa for fordeling, punkt 2.2 i planen.
- Om ikkje planlagt felling bidreg til reduksjon, må planen justerast undervegs i planperioden.

Planen vert lagt til grunn for tildeling av fellingsløyve på hjort i Årdal kommune.

Omsøkt plan for tildeling og avskyting av *rådyr og elg* i Årdal kommune vert lagt til grunn for årlege tildelingar av fellingsløyve på rådyr og elg.

I medhald av *Årdal kommune retningsliner for bruk av viltfondet punkt 3*, løyver Årdal kommune støtte til Årdal bestandsplanområde på kr 25 000, årleg i perioden 2022-24. Dette vert utbetalt etter framsyning av godkjent rekneskap.

Saka er vurdert etter Naturmangfoldlova §§ 8-12.

02.06.2022 Formannskapet
Tilråding vart teken opp til røysting.
Samrøystes.

Fskap-058/22 Vedtak:

I medhald av *Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 15* godkjenner Årdal kommune omsøkt bestandsplan for *hjort* i Årdal kommune, med følgende presisering:

- Kjønnfordeling på felte dyr skal vera 60% hodyr og 40% hanndyr i planperioden. Dette må endrast i teksten i planen, og i matrisa for fordeling, punkt 2.2 i planen.
- Om ikkje planlagt felling bidreg til reduksjon, må planen justerast undervegs i planperioden.

Planen vert lagt til grunn for tildeling av fellingsløyve på hjort i Årdal kommune.

Omsøkt plan for tildeling og avskytning av *rådyr og elg* i Årdal kommune vert lagt til grunn for årlege tildelingar av fellingsløyve på rådyr og elg.

I medhald av *Årdal kommune retningsliner for bruk av viltfondet punkt 3*, løyver Årdal kommune støtte til Årdal bestandsplanområde på kr 25 000, årleg i perioden 2022-24. Dette vert utbetalt etter framsyning av godkjent rekneskap.

Saka er vurdert etter Naturmangfoldlova §§ 8-12.

Vedlegg:

Søknad om støtte, Årdal Bestandsplanområde 2022 - 2024

Årdal Bestandsplanområde_arbeidsplan 2022

Budsjett og regnskap_2021_22

Søknad om godkjenning av ny bestandsplan for hjortevilt Årdal kommune 2022

Status bestandsplan 2016-2021

Bestandsplan for hjortevilt i Årdal kommune for panperiode 2022-2024 rev 27.04.2022. VM

Referat årsmøte Årdal Bestandsplanområde

E-post - Søknad om godkjemning av ny bestandsplan for hjort, elg og rådyr 2022-2024